



Merethe Vindenes  
Reikeråsvegen 69  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/386 - 20/58468

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
17.09.2020

## Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 24/3 Fammestad

**Tiltak:** ny grunneigedom  
**Byggjestad:** Gbnr: 24/3 Fammestad  
**Tiltakshavar:** Merethe Vindenes

Saka vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 02.09.2020, der følgjande vedtak vart fatta:

### **«APM- 110/20 Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/386, datert 29.04.2020 vert ikkje gjort om.

Grunngjevinga for ikkje å ta klagen til følgje er følgjande:

1. Det vert vist til at omsøkt tomt grensar inntil to eksisterande tomtar og punkterer såleis ikkje urørt landskap.
2. Vidare ligg tomta i god avstand til dei samanhengande innmarksområda på Fammestad. Så ei eventuell deling vil ikkje påføre landbruket i området drifts- eller miljømessige ulemper. Det vert vist til landbruksfagleg fråsegn i saka som støttar dette.
3. Vidare vil ein vise til at området låg inne som LNF- spreidd for bustadar i kommuneplanen sin arealdel for perioden 2011 - 2023, og at det difor tidlegare er gjort arealvurderingar som støttar opp under at arealet er eigna til bustadføreml, og at tiltaket i svært liten grad kjem i konflikt med viktige miljø og landbruksinteresser m.v.
4. Det vert lagt vekt på at det er få ledige og utbyggingsklare tomter i denne skulekrinsen, og at det store regulerte område som det kommunale tomteselskapet eig i skulekrinsen (Kløve bistadfelt – utviding (Sveene) ikkje er gjort klar for bustadbygging. Det andre feltet Kløve Nord er heller ikkje tilrettelagt.

5. Utval for areal, plan og miljø vektlegg at denne skulekrinsen har hatt negativ folketalsutvikling i lengre tid, og at det difor er viktig å gje dispensasjon på denne staden for å bidra til at folketalet i denne bygda kan oppretthaldast.

6. Utval for areal, plan og miljø meiner framleis og etter ei samla vurdering at fordelane er klart større enn ulempene , jf. plan- og bygningslova sin § 19-2 om dispensasjon. Utvalet kan heller ikkje sjå at ein dispensasjon på denne staden til omsøkt føremål vil medføra at dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispenserast i frå vil verta vesentleg tilsidesett, jf. punkt 4 og 5 som handlar om å styrke folketalet i denne delen av kommunen.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 1 9-2."

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland ved settefylkesmann for endeleg avgjerd.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen i Vestland har opplyst at saksbehandlingstida er på mellom ein og tre månader. I tillegg kjem saksbehandlingstida til settesfylkesmannen.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på vedtak om dispensasjon og løyve til frådeling av bustadtomt- gbnr 24/3 Fammestad  
Ny vurdering av utsatt iverksetting med korrekt faktum - gbnr 24/3 Fammestad  
Klage - Alver - gbnr 24/3 Fammestad - frådeling av bustadtomt - dispensasjon  
E-post korrespondanse - Fylkesmannen har mottatt vedtak til klagevurdering - gbnr 24/3 Fammestad  
Klage på avslag på frådeling av bustadtomt - gbnr 24/3 Fammestad  
Løyve til utslepp ny bustadtomt gbnr. 24/3 Fammestad  
Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsle og avtale om veg  
Avtale om vatn og avløpsvatn/overvatn og serviceavtale biovac minirensaanlegg  
Situasjonskart  
Søknad om dispensasjon til frådeling GBNR 24/3  
Søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 24/3 Fammestad  
Førebels svar på søknad - sak 19/3199 i Lindås- gbnr 24/3 Fammestad

**Vedlegg:**

Uttale - gbnr 24/3 Fammestad - frådelling av bustadtomt - dispensasjon

Avslag på søknad om frådelling av bustadtomt - gbnr 24/3 Fammestad

Klage på avslag om frådelling - GBNR 24/3 Fammestad

Vedlegg til saka

Søknad om utslipp av sanitært og kommunalt avløpsvann fra hus og hytter

Utseppsløyve av 29.03.2017 frå Lindås kommune

Serviceavtale av 19.03.2019 og foto

Uttale til klage på søknad om deling på gbnr 24/3 Fammestad

2018983 Uttale til klage på søknad om deling på gbnr 243 Fammestad

**Mottakarar:**

Merethe Vindenes

Reikeråsvegen 69

5913

EIKANGERVÅG

Morten Tveit

Reikeråsvegen 69

5913

EIKANGERVÅG